



Justis- og beredskapsdepartementet  
Postboks 8005 Dep.

0030 OSLO

**Deres ref.**

**Vår ref / Saksbehandler**

15/475-2 F30 &13

Ingrid Buset / tlf.

**Dato:**

13.05.2015

## **HØRINGSSVAR - FORSLAG OM ENDRINGER I UTLENDINGSLOVEN OG UTLENDINGSFORSKRIFTEN HEVET BOTIDSKRAV FOR PERMANENT OPPHOLDSTILLATELSE**

Fagforbundet viser til høringsbrev om å heve krav om botid for permanent oppholdsløyve. Forslaget går ut på å heve kravet til botid i Norge før permanent oppholdsløyve blir gitt, frå tre til fem år. Departementet ber spesielt om innspel knytt til kva betydning heva botidskrav vil kunne ha for personar som opplever mishandling i samlivsforholdet.

Fagforbundet vil først påpeike at vi er ueinige i at det er nødvendig eller hensiktsmessig å heve kravet til botid til fem år. Tre år er tilstrekkeleg tid og kravet er strengt nok. En må ta omsyn til at uforutsibarheita i denne ventetida er krevjande for enkeltpersonar / familien, og særleg for barn. Å heve kravet til botid er ein unødvendig påkjenning for dei det gjeld, og vi meiner det vil virke negativt på integrering.

Heving av kravet til botid vil ramme kvinner(og barn) som kjem til Norge på familiegjening særleg hardt. Oppholdsløyvet er direkte knytt til ekteskap eller sambuarskap og desse kvinnene er i ein særleg sårbar situasjon, fordi oppholdsløyvet er avhengig av ein anna person. Den skeive maktbalansen mellom kvinner som kjem på familiegjening og ektefelle /sambuar er tydelegast når kvinner utsettast for vold og mishandling i samlivet. Ektefellen har eit ekstra kontrollmiddel – hennar rett til opphald.

I høringsnotatet drøftar departementet korleis ein ønskjer å sikre at ofre for vold i nære relasjonar ikkje skal tvingast til å velje mellom å reise ut av Norge og å bli værande i ein voldeleg familierelasjon. Personar som har opplevd vold i samlivet har derfor rett på fortsatt opphald etter samlivsbrot, dersom dei oppfyller vilkåra i utlendingslova §53 første ledd bokstav b. Vi vil vise til JURK sitt innleverte høringsssvar der dei drøftar vernet i denne bestemminga og JURK viser til sine praktiske erfaring med at denne bestemminga

ikkje gir eit tilstrekkeleg vern for kvinner som blir utsett for vold og mishandling i samlivet.

I tillegg til at vi meiner at kvinners rett til opphald på sjølvstendig grunnlag bør styrkast, meiner vi at det må informerast betre om eksisterande rettar.

Med hilsen  
FAGFORBUNDET  
Utredningsenheten

Jan-Tore Strandås  
(sign)  
fagleder

Ingrid Buset  
(sign)  
rådgiver

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Fagforbundet og har derfor ingen signatur.*